

# STORTINGET

2012 – 2013



Grundlovsbestemmelse  
til forandring i grundlovens § 50.

Grundlovens § 50 skal heretter lyde:  
Stemmeberettigede ere norske Borgere, Mand og Kvinder, der have fyldt 25 Aar,  
og som have været bosatte i Landet i 6 Aar og opholdt sig der.

Kristiania i det 62de ordentlige Stortings presidentskap den 11te juni 1913.

*A. A. Aasen,*  
president, sekretær.







# Innhold

|  |           |
|--|-----------|
| Stortinget vert opna                             | <u>3</u>  |
| Presidentskapet 2012–2013                        | <u>5</u>  |
| Den parlamentariske situasjonen i sesjonen       | <u>6</u>  |
| Arbeidet i Stortinget                            | <u>8</u>  |
| Sentrale saker i sesjonen                        | <u>9</u>  |
| Verksemnda i komiteane                           | <u>11</u> |
| Mange framlegg til endring av Grunnlova          | <u>13</u> |
| Endringar i Stortingets forretningsorden         | <u>13</u> |
| Internasjonalt samarbeid                         | <u>14</u> |
| Røysterettsjubileet 2013                         | <u>16</u> |
| Grunnlovsjubileet 2014                           | <u>17</u> |
| Avduking av kongemåleri                          | <u>18</u> |
| Trygging av Stortinget                           | <u>19</u> |
| Stortingsbiblioteket                             | <u>20</u> |
| Utgreiingsseksjonen                              | <u>20</u> |
| Stortingsarkivet                                 | <u>21</u> |
| stortinget.no                                    | <u>22</u> |
| Ungdommens storting                              | <u>23</u> |
| MiniTinget                                       | <u>24</u> |
| 2050 – Valet er ditt                             | <u>24</u> |
| Omvisingar                                       | <u>25</u> |
| Stortingets administrasjon<br>per september 2013 | <u>26</u> |



# Stortinget vert opna



Det 157. ordentlege storting kom saman og konstituerte seg den 1. oktober 2012, i tråd med Grunnlova § 68: «Stortinget sammentræder i Almindelighed den første Søgnedag i October Maaned.»

Dagen etter vart Stortinget høgtideleg opna av H.M. Kong Harald med opplesing av trontala og «Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding», eller «Beretninga om rikets tilstand» som ho vert kalla til dagleg.

*Det kongelege følget kjem til Stortinget.*







Over: Frå den høgtidelege opninga av Stortinget 2. oktober 2012.



Til høgre: Det er tradisjon for at «Beretninga om rikets tilstand» vert lesen av den yngste statsråden, som i 2012 var kulturminister Hadia Tajik. Etter tradisjonen er denne tala skriven på nynorsk og trontala på bokmål.



# Stortingets presidentskap 2012–2013

Storingspresidenten har det høgste offentlege vervet i Noreg nest etter Kongen.

Presidenten leier presidentskapet som har til hovudoppgåve å leggja til rette arbeidet i Stortinget. I presidentskapet sit det også fem visepresidentar, som har same myndigheit som presidenten når dei leier møta i Stortinget. Presidentskapet vert valt for kvar stortingsssesjon.

## STORTINGSPRESIDENT

**Dag Terje Andersen (A), Vestfold**, var stortingspresident i stortingsssesjonen 2012–2013. Han har møtt som fast stortingsrepresentant i perioden 1997–2001 og frå 2005. Han har også vore statsråd i Landbruksdepartementet (1996–1997), Nærings- og handelsdepartementet (2006–2008) og i Arbeids- og inkluderingsdepartementet (2008–2009).

## VISEPRESIDENTAR

1. visepresident:

**Per-Kristian Foss (H), Oslo**. Han har vore stortingsrepresentant sidan 1981. Han har vore leiar av finanskomiteen, og i åra 2001–2005 var han finansminister.

2. visepresident:

**Øyvind Korsberg (FrP), Troms**. Har møtt som stortingsrepresentant frå 1997.

3. visepresident:

**Marit Nybakk (A), Oslo**. Stortingsrepresentant frå 1987. I ein periode leidde ho forsvarskomiteen. President i Nordisk råd 2013.

4. visepresident:

**Akhtar Chaudhry (SV), Oslo**. Stortingsrepresentant frå 2009.

5. visepresident:

Til 3. mars 2013: **Dagfinn Høybråten (KrF), Rogaland**. Stortingsrepresentant frå 2005. Før det var han statsråd i Sosial- og helsedepartementet 1997–2000, i Helsedepartementet 2001–2004 og i Arbeids- og sosialdepartementet 2004–2005.

Frå 4.3.2013: **Laila Dævøy (KrF), Hordaland**. Stortingsrepresentant frå 2005. Tidlegare har ho vore statsråd i Arbeids- og administrasjonsdepartementet (1999–2000) og i Barne- og familiedepartementet (2001–2005).



*Presidentskapet 2012–2013:  
Frå v. Marit Nybakk,  
Per-Kristian Foss,  
Dag Terje Andersen,  
Dagfinn Høybråten  
(til 3. mars), Øyvind  
Korsberg og Akhtar  
Chaudhry.*




# Den parlamentariske stillinga i sesjonen

## STYRKEFORHOLDET MELLOM PARTIA

### Mandatfordeling 2009-2013

Det er i alt 169 stortingsrepresentantar. I perioden 2009–2013 var fordelinga mellom partia slik: (Tala for førre periode er med for å visa endringane).

| Parti | Perioden 2009–2013 | Perioden 2005–2009 |
|-------|--------------------|--------------------|
| A     | 64                 | 61                 |
| FrP   | 41                 | 38                 |
| H     | 30                 | 23                 |
| SV    | 11                 | 15                 |
| Sp    | 11                 | 11                 |
| KrF   | 10                 | 11                 |
| V     | 2                  | 10                 |




Regjeringa Stoltenberg hadde eit parlamentarisk grunnlag på 86 representantar i Stortinget i perioden 2009–2013 (A+SV+Sp). Opposisjonen utgjorde 83 representantar.

### Valresultat ved stortingsvalet 2009

(Tala for førre periode med for å visa endringane).

| Parti | Val 2009 | Val 2005 |
|-------|----------|----------|
| A     | 35,4 %   | 32,7 %   |
| FrP   | 22,9 %   | 22,1 %   |
| H     | 17,2 %   | 14,1 %   |
| SV    | 6,2 %    | 8,8 %    |
| Sp    | 6,2 %    | 6,5 %    |
| KrF   | 5,5 %    | 6,8 %    |
| V     | 3,9 %    | 5,9 %    |
| Andre | 2,7 %    | 3,1 %    |



### Leiarar i partigruppene 2012–2013

| Parti | Gruppeleiar        |
|-------|--------------------|
| A     | Helga Pedersen     |
| FrP   | Siv Jensen         |
| H     | Erna Solberg       |
| SV    | Audun Lysbakken    |
| Sp    | Lars Peder Brekk   |
| KrF   | Hans Olav Syversen |
| V     | Trine Skei Grande  |



## Representantar per fylke


Storingsrepresentantane vert fordelte mellom fylka etter ein formel der både innbyggjartalet og arealet tel. Fordelinga vert justert før annankvar periode.

Kartet viser fordelinga for perioden 2009–2013.




## Bakgrunnen til representantane

Høgste fullførte utdanning for representantane 2012–2013 (Prosentvis fordeling)



Yrkesbakgrunnen til representantane 2012–2013 (Prosentvis fordeling)



## Prosentvis fordeling mellom kjønna

| Storingsperiode | Kvinner | Menn   |
|-----------------|---------|--------|
| 2009–2013       | 39,6 %  | 60,4 % |
| 2005–2009       | 37,9 %  | 62,1 % |
| 2001–2005       | 36,4 %  | 63,6 % |

## Gjennomsnittsalder på dei faste representantane

49,2 år

(Per 1. oktober 2012)

## Dei mest erfarne representantane

Oversikta viser kven som har møtt på flest storting (sesjonar).



Per-Kristian Foss (H), Oslo, var vararepresentant i perioden 1977–1981. Sidan har han møtt fast på alle storting.

|                              |             |
|------------------------------|-------------|
| Per-Kristian Foss, H, Oslo   | 36 storting |
| Kristin Halvorsen, SV, Oslo  | 28 storting |
| Marit Nybakk, A, Oslo        | 28 storting |
| Jan Tore Sanner, H, Akershus | 24 storting |
| Erna Solberg, H, Hordaland   | 24 storting |
| Jens Stoltenberg, A, Oslo    | 22 storting |

(Oppdatert t.o.m. stortingssesjonen 2012–2013. Medrekna periodar der dei har vore vararepresentantar eller sete i regjeringa.)



Stortingets yngste siste sesjon, Mette Hanekamhaug (FrP), Møre og Romsdal.

## Dei yngste

|   |       |
|---|-------|
| Mette Hanekamhaug, FrP, Møre og Romsdal                         | 25 år |
| Kjell Ingolf Ropstad, KrF, Aust-Agder                           | 27 år |
| Stine Renate Håheim, A, Oppland (Fast møtande vararepresentant) | 28 år |
| Snorre Serigstad Valen, SV, Sør-Trøndelag                       | 28 år |
| Dag Ole Teigen, A, Hordaland                                    | 30 år |
| Gorm Kjernli, A, Akershus                                       | 30 år |

(Per 1. oktober 2012)



Stortingets eldste siste sesjon, Arne L. Haugen (A), Sør-Trøndelag.

## Dei eldste

|  |       |
|--|-------|
| Arne L. Haugen, A, Sør-Trøndelag (Fast møtande vararepresentant) | 73 år |
| Lars Myraune, H, Nord-Trøndelag                                  | 69 år |
| Svein Flåtten, H, Vestfold                                       | 68 år |
| Åge Starheim, FrP, Sogn og Fjordane                              | 66 år |
| Steinar Gullvåg, A, Vestfold                                     | 65 år |
| Marit Nybakk, A, Oslo  | 65 år |
| Arne Sortevik, FrP, Hordaland                                    | 65 år |
| Henning Skumsvoll, FrP, Vest-Agder                               | 65 år |

(Per 1. oktober 2012)



# Arbeidet i Stortinget


Stortingssesjonen 2012–2013 var prega av at det var siste sesjonen før nytt val. Sammenlikna med dei føregående sesjonane vart fleire saker handsama, og møta var lengre.

Tabellen nedanfor viser kor mange møtedagar Stortinget har hatt og kor mange timar stortingsmøte har vara i sesjonen 2012–2013 samanlikna med dei tidlegare sesjonane i stortingsperioden.

| Stortingssesjon | Tal på møtedagar | Total møtelengd     |
|-----------------|------------------|---------------------|
| 2012–2013       | 104              | 535 timar og 21 min |
| 2011–2012       | 105              | 517 timar og 27 min |
| 2010–2011       | 108              | 582 timar og 52 min |
| 2009–2010       | 100              | 486 timar og 53 min |

Kjelde: Stortingets elektroniske parlamentariske oppfølgingssystem (EPOS).

## Ferdig handsama innstillingar per måned i sesjonen



Talet på ferdig handsama innstillingar varierer frå måned til måned. I desember vart statsbudsjettet slutthandsama. I juni vart mange saker ferdighandsama før stortingsperioden vart avslutta.

## Saker handsama i Stortinget per sesjon i perioden 2009–2013

| Handsama saker       | 2012–2013  | 2011–2012  | 2010–2011  | 2009–2010  |
|----------------------|------------|------------|------------|------------|
| Proposisjonar        | 209        | 153        | 158        | 150        |
| Meldingar            | 53         | 31         | 27         | 27         |
| Utgreiingar          | 10         | 9          | 15         | 9          |
| Representantframlegg | 191        | 130        | 187        | 124        |
| Grunnlovsframlegg    | 0          | 16         | 5          | 4          |
| Dokumentserien       | 29         | 24         | 28         | 35         |
| Andre saker          | 20         | 28         | 24         | 29         |
| Innberetningar       | 6          | 6          | 4          | 3          |
| <b>Totalt</b>        | <b>518</b> | <b>397</b> | <b>448</b> | <b>381</b> |

Kjelde: Stortingets elektroniske parlamentariske oppfølgingssystem (EPOS).

## Spørsmål stilte til statsrådene i stortingsperioden 2012–2013

Fordele mellom parti og type spørsmål.

Tabellen viser at det hovudsakleg er opposisjonspartia som stiller spørsmål og interpellasjonar.

| Parti         | Hovudspørsmål i munnleg spørjetime | Spørsmål i ordinær spørjetime | Interpellasjonar | Skriftlege spørsmål |
|---------------|------------------------------------|-------------------------------|------------------|---------------------|
| FrP           | 48                                 | 73                            | 8                | 1008                |
| H             | 47                                 | 74                            | 51               | 384                 |
| KrF           | 25                                 | 18                            | 12               | 177                 |
| V             | 6                                  | 4                             | 2                | 89                  |
| A             | 0                                  | 1                             | 11               | 47                  |
| SV            | 0                                  | 0                             | 1                | 12                  |
| SP            | 0                                  | 0                             | 1                | 5                   |
| <b>Totalt</b> | <b>126</b>                         | <b>170</b>                    | <b>86</b>        | <b>1722</b>         |

Kjelde: Stortingets elektroniske parlamentariske oppfølgingssystem (EPOS).



# Sentrale saker i sesjonen



Stortinget hadde 518 saker til handsaming i sesjonen.

Her er nokre av dei mest sentrale.

## STATSBUDSJETTET

Kvar stortingssesjon er i stor grad merkt av handsaminga av framlegget til statsbudsjett frå regjeringa. I sesjonen 2012–2013 vart statsbudsjettet lagt fram 8. oktober og var ferdig handsama 14. desember, medan revidert nasjonalbudsjett vart vedteke 21. juni.

## SAKER KNYTTE TIL TERRORÅTAKA 22. JULI 2011

Terroråtaka 22. juli 2011 merkte arbeidet i Stortinget denne sesjonen. Statsministeren og justis- og beredskapsministeren heldt ei utgreiing om regjeringa si oppfølging av rapporten frå 22. juli-kommisjonen, etterfølgd av omfattande høyringar i kontroll- og konstitusjonskomiteen.

Komiteen kom med ei innstilling som vart debattert i Stortinget 5. mars. På grunnlag av innstillinga og debatten vart det fatta eit samrøystes vedtak i Stortinget – eit såkalla kritikkevdtak – som mellom anna kritiserte at styresmaktene ikkje i tilstrekkeleg mon hadde sett i verk fleire trygging- og beredskapstiltak som kunne forhindra terrorhandlingane.

Stortinget fekk deretter sendt over to sentrale stortingsmeldingar frå regjeringa, éi om samfunnstryggleik og éi om terrorberedskap. I tillegg vedtok Stortinget endringar i straffelova, som mellom anna inneber kriminalisering av terrortrening og av å planleggja ei terrorhandling åleine (såkalla soloterrorisme).

## DEBATT OM GRUNNLOVSENDERINGAR

14. og 18. mars var det for fyrste gong eigne debattar i stortingssalen om alle grunnlovsframlegga som var fremja i inneverande stortingssesjon. Føremålet med desse debattane var å retta merksemda mot dei føreslegne grunnlovsendringane før komande stortingsval. Framlegga vart handsama i løpet av stortingssesjonen 2013–2017.

## UTGREIINGAR

23. januar 2013 heldt statsministeren ei utgreiing om terroråtaket i Algerie, og 14. juni 2013 greidde utanriksministeren, forsvarsministeren og utviklingsministeren ut om utviklinga i Sahel og Noregs deltaking i SN-operasjonen MINUSMA.

## LOVENDRINGAR

Ei rad proposisjonar med framlegg til lovendringar vart handsama i sesjonen. Dei mest sentrale lovvedtaka var:

- mellombels lov om overføring av foreldreskap for born i Noreg fødte av surrogatmor i utlandet
- lov om omsetnad av bøker (boklova)
- endringar i straffelova 1902 (bl.a. om at straffeforfølgning av ytringar i det offentlege rom òg gjeld på Internett)
- endringar i åndsverklova (tiltak mot krenkingar av opphavsrett m.m. på Internett).
- endringar i bioteknologilova (om assistert befruktning til personar med seksuelt overførbare sjukdomar)
- endringar i kyrkjelova (oppfølging av kyrkjeforliket)
- endringar i småbåtlova (generelt forbod mot vasscooter er oppheva)
- endringar i politilova (Politiet fastset vilkår for pengeinnsamling på offentleg stad)

## STORTINGSMELDINGAR

I tillegg til proposisjonar får Stortinget også oversendt meldingar til førehaving i Stortinget. Dette er meir generelle rapportar om arbeid som er gjort på eit spesielt felt eller drøfting av framtidig politikk, og dannar ofte grunnlag for ein seinare proposisjon.

I sesjonen 2012–2013 var desse meldingane særleg sentrale:

- *Nasjonal transportplan 2013–2023*. (Denne planen (NTP) er ein transportpolitisk tiårsplan som vart revidert og handsama kvart fjerde år føre eit stortingsval).
- *Barn på flukt*. (Om born som søkjer om vern (asyl) i Noreg, anten åleine eller saman med foreldra).
- *Forebygging og bekjempelse av vold i nære relasjonar*. *Det handler om å leve*
- *Folkehelsemeldingen*. *God helse – felles ansvar*. (Strategi for å utvikla ein folkehelsepolitikk og for å styrkja det førebyggjande arbeidet i helse- og omsorgstenesta).
- *Én innbygger, én journal* (Om digitale helsetenester).
- *På rett vei – kvalitet og mangfold i fellesskolen*. (Om kvalitetsstyrking i grunnskuleopplæringa).
- *Lange linjer – kunnskap gir muligheter*. (Om å heva kvaliteten i norsk forskning og høgre utdanning)





*Finansminister Sigbjørn Johnsen (til v.) og Jan Tore Sanner i replikkordskifte under finansdebatten 2012.*

- *Kompetanse for en ny tid.* (Om omstilling i Forsvaret. Stortinget vedtok bl.a. eit oppmodingsvedtak om kjønnsnøytral verneplikt).
- *Nye muligheter for Nord-Norge.* Åpning av Barentshavet sørøst for petroleumsvirksomhet
- *Byggje – bu – leve.* Ein bustadpolitikk for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar (bustadmeldinga).

### **KONTROLLSAKER**

Kontroll- og konstitusjonskomiteen er den einaste fagkomiteen som har uavgrensa tilgang til å oppretta saker på eige initiativ. I sesjonen 2012–2013 reiste komiteen to slike saker: Éi om tilskotsforvaltinga i departementa og éi om Nærings- og handelsdepartementets eigarskapsutøving.

# Verksemda i komiteane



Fagkomiteane kom med 511 innstillingar denne sesjonen. Arbeidet med statsbudsjettet tok som vanleg det meste av tida i komiteane ein stor del av sesjonen, men også andre store saker, som 22. juli-saka og Nasjonal transportplan, var tidkrevjande.

## 511 KOMITÉINNSTILLINGAR

Oppgåva til fagkomiteane er å førebu dei sakene Stortinget skal ta stode til. Representantane er fordelte på tolv fagkomitear, og desse kjem med innstillingar til Stortinget om dei proposisjonane, meldingane og representantframlegga som fell inn under sitt saksområde. I sesjonen 2012–2013 vart det avgjeve 511 innstillingar.

Komiteane har møte gjennom heile sesjonen. I førehavinga av einskilde saker vert det òg avgjort om det skal haldast høyring, slik at vedkomande partar og andre interessentar kan få målborne meiningane sine i saka for komiteen.

## Tal på komitémøte og høyringar i dei einskilde komiteane

## SENTRALE KOMITÉSAKER I SESJONEN

Kvart år får Stortinget sendt over ei rad store saker frå regjeringa. Særleg er handsaminga av statsbudsjettet arbeidskrevjande, både for finanskomiteen – som samordnar budsjettførehavinga i Stortinget og kjem med den såkalla finansinnstillinga – og for fagkomiteane elles, som kjem med innstillingar om løyvingane innanfor sine fagområde. Om våren vert omprioriteringar og tilleggslovingar frå regjeringa handsama (revidert nasjonalbudsjett).

I tillegg til budsjettet får Stortinget sendt over ei rekkje andre årlege saker, slik som kommuneproposisjonen – som presenterer politikken til regjeringa andsynes kommunesektoren det komande året – og jordbruksoppgjæret, som er ei avtale mellom landbruket og staten om prisar på jordbruksvarer og andre føresegner for næringa. Desse er det høvesvis kommunal- og forvaltningskomiteen og næringskomiteen som har føre.

| Komité                                    | Tal på komitémøte | Tal på høyringar | Tal på avgjevne innstillingar | Komiteleiarar                         |
|---|-------------------|------------------|-------------------------------|---------------------------------------|
| Arbeids- og sosialkomiteen                | 30                | 5                | 39                            | Robert Eriksson (FrP), Nord-Trøndelag |
| Energi- og miljøkomiteen                  | 16                | 3                | 40                            | Erling Sande (Sp), Sogn og Fjordane   |
| Familie- og kulturkomiteen                | 40                | 11               | 42                            | Gunn Karin Gjøl (A), Sør-Trøndelag    |
| Finanskomiteen                            | 26                | 7                | 56                            | Torgeir Micaelsen (A), Buskerud       |
| Helse- og omsorgskomiteen                 | 37                | 14               | 38                            | Bent Høie (H), Rogaland               |
| Justiskomiteen                            | 24                | 8                | 56                            | Per Sandberg (FrP), Sør-Trøndelag     |
| Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen | 21                | 3                | 28                            | Marianne Aasen (A), Akershus          |
| Kommunal- og forvaltningskomiteen         | 29                | 11               | 40                            | Aksel Hagen (SV), Oppland             |
| Kontroll- og konstitusjonskomiteen        | 34                | 4*               | 37                            | Anders Anundsen (FrP), Vestfold       |
| Næringskomiteen                           | 34                | 7                | 43                            | Terje Aasland (A), Telemark           |
| Transport- og kommunikasjonskomiteen      | 34                | 7                | 41                            | Knut Arild Hareide (KRF), Akershus    |
| Utanriks- og forsvarskomiteen             | 27                | 9                | 32                            | Ine Marie Eriksen Søreide (H), Oslo   |
| Valkomiteen                               |                   |                  | 7                             | Dag Terje Andersen (A), Vestfold      |
| Presidentskapet                           |                   |                  | 12                            |                                       |
| <b>Sum</b>                                | <b>352</b>        | <b>89</b>        | <b>511</b>                    |                                       |

Kjelde: Stortingets elektroniske parlamentariske oppfølgingsystem (EPOS).

\*Fire høyringar fordelte på åtte dagar, av desse fem dagar på 22. juli-saka.





Frå høyring i finanskomiteen. (Foto: Terje Bendiksby/NTB Scanpix)

Utover desse årlege sakene var det i sesjonen 2012–2013 handsaminga i kontroll- og konstitusjonskomiteen av 22. juli-saka og av Nasjonal transportplan (NTP) i transport- og kommunikasjonskomiteen som var særleg arbeidskrevjande.

### **22. juli-saka**

Det var utgreiingane til statsministeren og justis- og beredskapsministeren om regjeringa si oppfølging av rapporten frå 22. juli-kommisjonen som var utgangspunktet for saksførehavinga i kontroll- og konstitusjonskomiteen. Oppgåva til komiteen var å vurdere det politiske ansvaret, og komiteen heldt kontrollhøyringar der dåverande og tidlegare medlemmer av regjeringa og embetsverket, politi, forsvar og representantar for den nasjonale støttegruppa og frivilljuge ved Tyrifjorden deltok. Høyringane gjekk over fem dagar i ein periode på tre veker.

### **NTP**

Våren 2013 fekk Stortinget òg sendt over Nasjonal transportplan (NTP) for perioden 2014–2023. Transport- og kommunikasjonskomiteen hadde eit omfattande høyringsopplegg i denne saka, der om lag 75 landsfemnande organisasjonar og fylkeskommunar deltok over fire dagar.

Også før saka var sendt til Stortinget og komiteen til handsaming, prega ho arbeidet i komiteen. Mellom anna vitja komiteen alle fylka i Noreg i løpet av stortingsperioden 2009–2013 for å setja seg inn i utfordringar i transportsektoren. Komiteen gjorde òg mange studiereiser til utlandet i perioden for å sjå nærare på tema som var venta i meldinga.

# Mange framlegg til endringar av Grunnlova

Grunnlova har jamt vorte endra sidan ho vart vedteken i 1814, endå språkdrakta har vore uendra. No kan vi stå framom ei omfattande endring. Før utgangen av tredje år i valperioden 2009–2013, dvs. før 1. oktober 2012, hadde det kome inn 42 grunnlovsframlegg. Dette er det klårt høgste talet sidan krigen.

I Grunnlova § 112 vert reglane for endring av Grunnlova slegne fast. Det er stortingsrepresentantane som legg fram framlegg til grunnlovsendringar, men grunnlaget for framlegget kan òg koma frå andre. Framlegga må leggjast fram i eitt av dei tre fyrste åra i ein valperiode. Dei må så handsamast i løpet av dei tre fyrste åra i neste valperiode.

Fleire av framlegga som no ligg til handsaming, er omfattande. Det gjeld særleg framlegga om grunnlovsfesting av menneskerettar, som hadde sitt utspring i rapporten frå Menneskerettsutvalet frå 19. desember 2011. Utvalet, som vart leidd av Inge Lønning, fremja framlegg om å styrkja stillinga til menneskerettane i nasjonal rett ved å gjeva sentrale menneskerettar grunnlovs rang.

Det vart òg framsett tre større framlegg om ei språkleg modernisering av heile Grunnlova.

Grunnlovsframlegga vart følgde opp med både seminar og debattar på Stortinget. 14. og 18. mars 2013 vart framlegga debatterte i stortingssalen. Til saman 21 av framlegga vart diskuterte av dei som hadde fremja framlegga og representantar frå partigruppene. Før debattane i Stortinget vart det dessutan skipa til tre seminar i lagtingssalen med utgangspunkt i nokre av framlegga. Seminara var ein del av seminarserien «Grunnlova og deg» i samband med grunnlovsjubileet i 2014.

Framlegga skal no handsamast vidare. Endringar i Grunnlova er ansvarsområdet til kontroll- og konstitusjonskomiteen.



## Endringar i Stortingets forretningsorden

Stortingets forretningsorden inneheld reglar for organiseringa av arbeidet i Stortinget. Grunnlova § 66 slår fast at dei skal fastsetjast av Stortinget ved stortingsvedtak. Endringar i forretningsordenen skjer ved vanleg fleirtal etter innstilling frå Stortingets presidentskap.

Stortinget vedtok 16. mai 2013 ei rad endringar i Stortingets forretningsorden. Endringane gjeld frå 1. oktober 2013.

Mellom endringane er ei ny føresegn om at kvar fagkomité på Stortinget no kan ta opp tema til debatt i Stortinget utanom dei

sakene han har fått til førehaving. Føresetnaden er at det dreiar seg om tema innanfor ansvarsområdet til komiteen. Ein komité kan ta initiativ til slike debattar inntil to gonger per stortingssejjon.

Elles er mindretalsrettane i fagkomiteane styrkte på fleire punkt. Mellom anna er det slege fast at ein tredjedel av medlemene no kan krevja at det skal haldast høyring i ei sak. Dei kan òg avgjera kven som skal oppmodast til å møta til høyring. Tidlegare kravde slike avgjerder fleirtal i komiteen.



# Internasjonalt samarbeid

Kvar sesjon tek Stortinget imot mange utanlandske delegasjonar og gjester. Stortingsrepresentantar, ikkje minst dei som er medlemmer av dei faste internasjonale delegasjonane, dreg òg på mange reiser til andre land.

Gjennom den internasjonale verksemda kan ein ta opp viktige saker som rører ved fleire land, stø opp under norske kjernesaker og interesser, og knyta kontaktar med utanlandske politikarar. Stortingspresidenten har særskilde representasjonsoppgåver når det gjeld utanlandske statsleiarar og andre høgtstående gjester.

## Reise til Tyrkia

Stortingspresident Dag Terje Andersen og fire andre representantar var på offisiell gjesting i Tyrkia 8.–11. november 2012. Tyrkias plassering mellom Europa og Midtausten gjer landet til ein regional aktør det er interessant å knyta tette band til. Under gjestinga var det møte bl.a. med presidenten, parlamentspresidenten og statsministeren i landet. Mellom sakene som vart tekne opp, var tettare samarbeid mellom parlamenta i landa, menneskerettsspørsmål og situasjonen i Syria.

## Til Island

Dei fleste gjestingane til stortingspresidenten går likevel til land i nærområdet, noko reisa til Island 20.–22. februar er eit godt døme på. Den norske delegasjonen hadde møte med president Ólafur Ragnar Grímsson, statsminister Jóhanna Sigurðardóttir og næringsminister Steingrímur J. Sigfússon, og han vitja Alltinget og Thingvellir. I samtalene vart bl.a. fiskerispørsmål, finanskrisa og olje- og gassutvinning drøfta.



Delegasjon frå Stortinget på besøk i Alltinget i Reykjavik. F. v. alltingspresident Ásta R. Jóhannesdóttir, Dag Terje Andersen, Per-Kristian Foss, Lillian Hansen og Snorre S. Valen, som skriv under gjesteprotokollen.



I samband med utdelinga av Nobels fredspris 2012 gjesta representantane frå EU Stortinget. Her helsar leiaren i utanriks- og forsvarskomiteen, Ine Marie Eriksen Søreide, på presidenten i Europakommisjonen, José Manuel Barroso. Elles ser vi presidenten i Europaparlamentet, Martin Schulz, og stortingspresident Dag Terje Andersen.

## Til Svalbard

Stortingets arktiske delegasjon vitja Svalbard 3.–6. juni 2013 i samband med møtet i Den arktiske parlamentarikarkomiteen. I Longyearbyen møtte deltakarane mellom anna Sysselemannen, og tema som søk- og redningsteneste og skipstrafikk i Arktis vart diskuterte.

## Gjester på Stortinget

Stortinget tek kvart år imot ei rad studiegjester frå andre land, også frå parlament. Nokre av desse er frå land med veikare demokratiske tradisjonar enn Noreg. Dei ynskjer å hausta røynsler når det gjeld samarbeid mellom ulike parti, levelege arbeidsvilkår for opposisjonen, og kvinners rett til å delta i det politiske livet.

Ei gruppe egyptiske folkevalde vitja Stortinget 13.–14. november 2012. Kasakhstanske parlamentarikarar var på studiebesøk om likestilling og kvinners rolle i politikken 30.–31. januar, og somaliske parlamentarikarar var på gjesting 9.–11. april 2013.

*Afghanistans president Hamid Karzai vert intervjuet av NRK under gjestinga i Stortinget.*



Det er praksis at utanlandske statsleiarar som gjestar Noreg òg har møte på Stortinget. I løpet av siste sesjon vart presidentane i Mongolia, Finland, Afghanistan og Myanmar tekne imot av stortingspresidenten.

Han tok i løpet av sesjonen òg imot Tysklands statsminister, Angela Merkel, og leiaren for Nato, Anders Fogh Rasmussen.

#### **Frå EU og Europarådet**

11. desember 2012 fekk Stortinget storfine gjester då både presidenten i EU-kommisjonen, José Manuel Barroso, og presidenten i Europaparlamentet, Martin Schulz, møtte stortingspresidenten på hans kontor. Høvet var utdelinga av Nobels fredspris til EU dagen før. Tett kontakt med EU og EØS- og EFTA-institusjonar er høgt prioritert i Stortinget. Stortingsrepresentantane i Europautvalet og EFTA/EØS-delegasjonen følgjer spesielt opp dette arbeidet. Dei deltok m.a. på EFTAs ministermøte i Trondheim 24. juni 2013, der parlamentarikarane har ei viktig rådgjevande rolle.

Stortinget har òg tett kontakt med Europarådet, som særleg arbeider for menneskerettar. Presidenten for Europarådets parlamentarikarforsamling gjesta Stortinget 4. april.

#### **NORDISK SAMARBEID**

Nordisk råd er eit samarbeidsorgan mellom parlamenta i alle dei nordiske landa, i tillegg til Færøyane, Grønland og Åland. Det politiske samarbeidet har no eksistert i over seks tiår, og det byggjer på eit ynske om å styrkja hopehavet mellom dei nordiske landa og folka.

#### **Kontakt med Kviterussland**

Dei siste åra har Nordisk råd òg hatt kontakt med både opposisjon og parlament i Kviterussland. Mellom anna organiserte Nordisk råd og Baltisk forsamling for tredje gong eit rundebordseminar med kviterussiske menneskerettsorganisasjonar og opposisjonsparti. Seminaret var 16. september 2013 i Vilnius, og vart leidd av Stortingets visepresident Per-Kristian Foss.

#### **Møte mellom nordiske og russiske unge**

24.–26. april 2012 deltok Nordisk råds delegasjon på det 5. forum for unge politikarar frå Norden og Russland. Forumet var i Petrozavodsk i Russland, der unge norske politikarar frå

Troms fylkeskommune møtte jamaldringar frå dei nordiske landa og frå Murmansk, Arkhangelsk og Karelia. Eit sentralt tema som vart diskutert, var sams utfordringar for ungdom knytt til utdanning og arbeidsløyse.

Nordisk råds delegasjon har fleire gonger teke imot grupper av unge russarar som deltek i det UD-finansierte «Presidentprogrammet» – ei utvekslingsordning mellom Noreg og Russland. På si gjesting i Stortinget fekk dei innsikt i aktiviteten i parlamentet, og særleg arbeidet knytt til nordområda og Russland. I løpet av 2012 var ei gruppe frå både offentlig og privat sektor innom Stortinget, og tilsette i sekretariatet til delegasjonen var på utveksling i Russland.

#### **STORTINGET MED KONTOR I BRUSSEL**

I februar opna Stortinget sitt eige kontor i Europaparlamentet i Brussel.

Det var under møtet mellom stortingspresident Dag Terje Andersen og president i Europaparlamentet, Martin Schulz, i desember i fjor at Schulz kom med tilbod om eit kontor for Stortinget i Europaparlamentet. Kontoret ligg i same høgda som kontora til dei nasjonale parlamenta i EU-landa. Den nære kontakten vil gjera det lettare å henta inn informasjon og å følgja med på aktivitet og saker i EU. Mellom anna har kontoret tilgang til intranettet i Europaparlamentet.



*Det norske kontoret vert styrt av Per S. Nestande. (Foto: Line Håland Aaltvedt, EU-delegasjonen)*



# Røysterettsjubileet 2013

11. juni 2013 feira vi at det er hundre år sidan kvinner fekk røysterett på lik line med menn. Stortinget har markert hundreårsjubileet med bl.a. ein omfattande nettpresentasjon av røysteretskampen og ei utstilling i historisk sal i stortingsbygningen.

## Kvinnekampen på nett

I januar la stortingsarkivet ut mykje av originalmaterialet knytt til den omfattande kvinnerøysterettssaka i Stortinget på Stortingets nettsider ([www.stortinget.no/kvinnestemmerett](http://www.stortinget.no/kvinnestemmerett)). Det digitaliserte materialet femner om tre store underskriftsaksjonar og ei kjeldesamling med stortingsdokumenta og debattane, presentert med ein historisk gjennomgang. Spørsmålet om røysterett for kvinner vart handsama 15 gonger i Stortinget frå 1890 til 1913.

## Underskriftsaksjonane

Då det fyrste framlegget om røysterett for kvinner var oppe i Stortinget i 1890, samla Kvindestemmeretsforeningen med Gina Krog i brodden inn over 4500 underskrifter. Dette var den fyrste av fleire store aksjonar der kvinner skreiv under på opprop til støtte for sine politiske rettar.

Den mest omfattande underskriftsaksjonen var i 1905. Kvinnene vart nekta å delta i folkerøystinga om unionen med Sverige skulle oppløysast. Landskvindestemmeretsforeningen, igjen med Krog i brodden, svara med å samla inn nærare 300 000 underskrifter frå kvinner til støtte for unionsoppløysinga. Til samanlikning var det i underkant av 370 000 menn som røysta i folkerøystinga.

## Fleirtal for kvinners røysterett

Underskriftsaksjonen i 1905 var eit bevis på at kvinnene var politisk engasjerte og hadde evne til å mobilisera. I 1907 vart det fleirtal i Stortinget for å innføra ein avgrensa røysterett for kvinner etter inntekt og formue. Dette førte til at Anna Rogstad vart valt inn som vararepresentant på Stortinget i 1909, og i 1911 møtte ho som fyrste kvinne på Stortinget. Den 11. juni 1913 avgjorde eit samrøystes storting at kvinner skulle få røysterett på lik line med menn.

## Feiring den 11. juni


Sjølve hundreårsdagen for denne storhendinga vart markert med fleire arrangement på Stortinget. Eit seminar i lagtingssalen hadde som tema krafta i kvinners tale. Jubileumsutstillinga i historisk sal vart opna av visepresident Marit Nybakk, og Stortinget heldt eit jubileumsmøte i stortingsalen med opningstale av stortingspresident Dag Terje Andersen og innlegg av alle dei parlamentariske leiarane.



På seminaret framførte skodespelarar originale innlegg frå ordskipta om kvinneleg røysterett fram mot 1913. F.v. Laila Goody, Cecilie Lundsholt og Petronella Barker.

Etter arrangementa i Stortinget heldt festen fram på Eidsvolls plass. Røysterettskomiteen, som har stått for den offisielle markeringa av jubileet, baud på underhaldning og musikk til langt på kveld.

Meir på Stortingets nettside [www.stortinget.no/kvinnestemmerett](http://www.stortinget.no/kvinnestemmerett). Her finn ein også informasjon om jubileumsutstillinga og omvisingstilbodet.



Slik vart ordlyden i Grunnlova § 50 etter 11. juni 1913.

# Grunnlovsjubileet 2014

I 2014 skal vi feira 200-årsjubileet for Grunnlova. Den offisielle opninga av grunnlovsjubileet vil finna stad ved Eidsvollsbygningen søndag 16. februar 2014, same dagen som det såkalla stormannsmøtet på Eidsvoll i 1814.



GRUNNLOVSJUBILEET 1814-2014

Grunnlova er verdas nest eldste skrivne konstitusjon som framleis er i bruk. Stortinget har i pakt med tradisjonen det overordna ansvaret for jubileet. Stortingspresidenten leier Hovudkomiteen for Grunnlovas 200-årsjubileum, og det er etablert eit grunnlovssekretariat som tek hand om nokre av fellesoppgåvene ved jubileet.

## Lansering av jubileumsprogrammet

Stortingspresidenten lanserte 15. mai 2013 den fyrste versjonen av det offisielle programmet for jubileet. Endeleg program for jubileet vert lagt fram i desember 2013.

## Jubileumssong

Fleire større arrangement knytte til grunnlovsjubileet vart gjennomførte alt i 2013. Det har bl. a. vore arrangert ein konkurranse om jubileumssong i marsjtakt. Vinnarsongen «Det går et festtog gjennom landet» vart i mai 2013 lansert som ei gåve til det frivilljuge song- og musikklivet i høve jubileet. Bak vinnarsongen står Grete Skottene og Carl-Andreas Næss frå Sarpsborg. – Vi håpar songen engasjerer, og at alle korps og kor vil ta han i bruk under 17. mai-feiringa i 2014, uttalte stortingspresident Dag Terje Andersen då vinnaren vart kåra. Konkurransen vart arrangert i samarbeid med Norges Musikkorps Forbund og Norges Korforbund, og det kom inn 49 framlegg som vart vurderte av juryen.

## Seminar og forskingsarbeid

Det er ei omfattande satsing på forskning i samband med jubileet. Norsk forskingsråd disponerer 40 millionar kroner til ei eiga grunnlovsforskning, der målet er å ta føre seg viktige problemstillingar knytte til Grunnlova og folkestyret – historisk, i dag og framover. Det er løyvd pengar til åtte større forskingsprosjekt og gjeve støtte til relevante utgjevingar og arrangement.



*Vinnarane av jubileumssongen, Grete Skottene og Carl-Andreas Næss, fotograferte på Hafslund hovedgård.*

Hovudfunna frå forskingsarbeida vert presenterte på ein større konferanse i Operaen 10. januar 2014.

Stortinget har også ein eigen seminarserie i høve jubileet, «Grunnlova og deg», med jamlege seminar i lagtingssalen. Det er planlagt seminar gjennom heile 2014.

## Grafisk profil

Stortinget har fått utvikla ein felles profil for grunnlovsjubileet, som organisasjonar og institusjonar kan søkja om å få bruka til aktivitetar knytte til jubileet. Profilen finst tilgjengeleg på nettsida til prosjektet.

Det er lagt opp til eit breitt og mangfaldig program, og arrangementskalenderen på nettsida til jubileet er eit godt oversyn over dei planlagde arrangementa og aktivitetane. Av desse har Stortinget ansvaret for opningsarrangementet 16. februar, jubileumsmøtet den 15. mai og arrangementet på Eidsvoll sjølve jubileumsdagen 17. mai.

For nærare informasjon om grunnlovsjubileet og dei enkelte arrangementa viser vi til prosjektets nettside: [www.grunnloven200.no](http://www.grunnloven200.no)



# Avduking av kongemåleri

20. november 2012 var H.M. Kong Harald og H.M. Dronning Sonja til stades då måleriet av kong Haralds eidsavlegging 21. januar 1991 vart avduka.



Måleriet er plassert i vandrehallen ved sida av måleriet av kong Haakons eidsavlegging i 1905. Det er laga av Anne Vistven og er eit parallelt arbeid til måleriet som Stortinget gav kongeparet i gåve då dei fylte 75 år. Kunstnaren fekk i oppdrag å laga dei to måleria etter å ha vunne ein lukka konkurranse med tre andre kunstnarar.

– Vi stortingsrepresentantar går forbi denne staden nesten dagleg. Eg håpar og trur at måleriet vil minna oss om denne spesielle hendinga i norsk historie, og at dei to eidsavleggingsmåleria saman kan fungera som symbol på dei tette og gode banda mellom Stortinget og Slottet, sa stortingspresident Dag Terje Andersen under avdukingsseremonien.

*Måleriet av kong Haralds eidsavlegging er plassert i vandrehallen.*




*H.M. Kong Harald og kunstnaren Anna Vistven i samtale etter avdukinga.*



*Songarinna Ingebjørg H. Bratland framførte folkevisa «Liten Kirsten som stalldreng».*

# Trygging av Stortinget



Tryggingarbeid er viktigare enn nokon gong. Etter ein lang debatt i politiske organ og i media vart Akersgata frå 1. juli stengd med bommar forbi stortingsbygningen, og Karl Johans gate mellom Egertorget og Rosenkrantz' gate vart redusert til eitt einvegskøyrt køyrefelt. Samstundes vart det sett opp store blomsterurner. Berre varetransport til forretningane og beredskapskøyretøy får passera.

Avgrensinga av trafikken kom i stand etter at Stortinget hadde risikovurdert tryggleiken rundt stortingsbygningen og bede om at gatene vart stengde og trafikken avgrensa. Arbeidet vart utført av Oslo kommune. Denne løysinga skal gjelda mellombels i to år, men ein arbeider for å få til ei varig løysing tidlegare.

Stortinget skal vera ein open og tilgjengeleg stad. Men eit slikt «ope hus» må balanserast med den nødvendige tryggleiken. Derfor må besøkjande ha avtale for å koma inn. Både besøkjande og publikum som ynskjer å vera til stades på stortingsmøta, må gå igjennom ein tryggingsskontroll før dei kjem inn.







# Stortingsbiblioteket

Stortingsbiblioteket hjelper til med å gje representantane og dei tilsette den informasjonen dei er ute etter. Det forvaltar ei stor samling bøker, tidsskrift og databasar.

## Samlinga i stortingsbiblioteket (per 31.12.2012)

180 357 bøker og periodika  
262 tidsskrifter (109 digitalt)  
130 aviser (101 digitalt)  
46 databasar

## Til Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana

I løpet av våren og sommaren 2013 har biblioteket sendt mykje materiale til depotbiblioteket ved Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana på grunn av ombygging i Stortinget.

Til dømes er dette sendt til Mo i Rana:

- 120 bind leksika
- 643 eksemplar årbøker
- 1882 årgangar tidsskrift
- 176 årgangar aviser

## Utlåna siste 4-årsperiode

Biblioteket låner ut både til interne og eksterne brukarar i tillegg til andre bibliotek. Statistikken under viser korleis utlåna fordeler seg mellom dei ulike brukargruppene.

| År/type lånarar | Interne | Eksterne | Andre bibliotek | Sum  |
|-----------------|---------|----------|-----------------|------|
| 2012            | 4600    | 300      | 100             | 5000 |
| 2011            | 4850    | 400      | 100             | 5350 |
| 2010            | 6000    | 1200     | 200             | 7400 |
| 2009            | 5000    | 1000     | 200             | 6200 |

## Utgreiingsseksjonen

Utgreiingsseksjonen greier ut aktuelle saker og yter fagleg støtte til representantar, partigrupper og komitear.

I 2012 handsama seksjonen 409 oppdrag. Rundt tredjeparten av oppdraga kom frå parlament i andre land, som vil ha nærare greie på norske tilhøve og lovgjeving.

Seksjonen gjev også ut ein eigen skriftserie – *Perspektiv* – der utgreingar frå seksjonen vert gjort allment tilgjengeleg. Dei kan også lesast på [www.stortinget.no](http://www.stortinget.no)

I 2012–2013 vart desse hefta utgjevne:

- *Bruker Norge mye eller lite til helseformål sammenlignet med andre land?*
- *Uavhengige finanspolitiske råd i andre land – relevans for Norge?*
- *Lokale tilknytningskrav og EØS-avtalens regler om de fire friheter*
- *Stemmerettsjubileet 2013: Kampen for kvinners stemmerett*
- *Endringer i Stortingets forretningsorden 1945–2013*
- *Statistikk om Stortinget*

# Stortingsarkivet



Stortingsarkivet er depotarkiv for den konstitusjonelle og administrative verksemda på Stortinget. Oppgåvene til seksjonen er å ta vare på, gjera tilgjengeleg og formidla materiale frå arkivsamlingane.

## Doksenter

Den 1.1.2013 vart Doksenteret etablert. Då fekk seksjonen også ansvar for å leggja til rette og følgja opp både den parlamentariske og den administrative arkivdanninga på Stortinget.

## Digitalisering av stortingsforhandlingane

I samarbeid med Nasjonalbiblioteket har stortingsarkivet digitalisert stortingsforhandlingane frå 1814 til 2001. Dei er tilgjengelege gjennom Stortingets nettstad frå midten av november 2013. Registera er inngangen til dette kjelde-materialet.

## Utstillingar

Stortingsarkivet formidlar også arkiv og historie gjennom fysiske utstillingar, nettpresentasjonar, seminar og førelesingar.

- 100 år med røysterett den 13. juni vart markert med ei utstilling av sentrale dokument i historisk sal i stortingsbygningen. Det same jubileet vart også markert med ein nettportal til digitaliserte dokument.
- 9. april fekk Elverum folkehøgskole overrekk ein kopi av Elverumsfullmakta. I samband med dette vart det også gjennomført eit historieseminar på folkehøgskulen i Elverum og i Stortinget.
- I august var det 50 år sidan regjeringsskiftet Gerhardsen-Lyng. Det vart markert med ein nettpresentasjon om Kings Bay.

## Historiske dokument

Den eldste delen av stortingsarkivet er arkivet etter Riksforsamlingen våren 1814. Her finn vi dokumentet Grunnlova av 17. mai. Vidare inneheld arkivet sentrale dokument knytte til formannskapslovene i 1837, parlamentarismen i 1884, arkiv etter dei ulike riksrettane, unionsoppløysinga i 1905 og ikkje minst hendingane i 1940.

## Kunst og gjenstandar

Stortingsarkivet har ansvar for forvaltninga av Stortingets samling av kunst, og har i denne samanhengen gjennomført eit stort registreringsprosjekt. Også gåver til Stortingets presidentskap vert registrerte og tekne vare på i magasinane. Ei av gåvene er til dømes ei øskje som inneheld eit prosjektil og blodig jord frå Stalingrad i andre verdskrigen.

Fotografi er viktige kjelder til historia, og stortingsarkivets samling er på 7500 bilete. Det siste året er det også arbeidd mykje med digital forvaltning av fotografi.



*To tidlegare presidentar på jubileumsutstillinga 13. juni i historisk sal: Torild Skard, lagtingspresident 1973–1977 (til v.), og Kirsti Kolle Grøndahl, stortingspresident 1993–2001 (nr. 2 frå h.).*



# Stortinget.no

Hausten 2013 oppnådde Stortingets nettstad [stortinget.no](http://stortinget.no) nok ein gong seks av seks stjerner i Difis kvalitetsvurdering, *Kvalitet på nett*.


[Stortinget.no](http://stortinget.no) er den offisielle nettstaden til Stortinget og vert drifta av informasjonsseksjonen. I tillegg har seksjonen også ansvaret for Løveporten (Stortingets intranett), Stortingets Twitter-konto, informasjonstenesta og informasjons- og undervisningsmateriell.

I løpet av stortings sesjonen 2012–2013 hadde [stortinget.no](http://stortinget.no) 1 609 560 besøkjande, 849 625 unike besøkjande og 6 108 959 sidevisningar.

Av dei besøkjande var 93 % frå Noreg. 45 % av dei var frå Oslo, med Bergen som nummer to med 4 %.

Dei fleste av dei besøkjande brukte stasjonær PC (82 %), 9 % brukte mobiltelefon og 8 % brukte nettbrett.

Stortingets Twitter-konto passerte 20 000 følgjarar i løpet av sesjonen.



# Ungdommens storting 2013



Stortingets fyrste ordinære ungdomsparlament vart arrangert 4. og 5. mars 2013.

Ungdom mellom 13 og 18 år var inviterte til Stortinget for å diskutera saker dei er opptekne av.

Føremålet med samlinga var å gje ungdom høve til å uttala seg på eit nasjonalt plan om saker som gjeld dei, og å medverka til at ungdom lærer om Stortinget og den demokratiske prosessen. 19 plassar var sette av til medverknadsorgana for unge til dei enkelte fylka, medan 36 plassar var sette av til enkeltpersonar, skuleklassar eller andre interesserte.

## Sakshandsaming

Alle dei 55 deltakarane var valde ut på bakgrunn av innsende framlegg til saker dei ville ta opp. Sakene som vart valde ut, vart lagde fram for Ungdommens storting av framleggsstillaren eller ein representant for fleire framleggsstillarar. Etter å ha arbeidd i komiteane kom dei fram til nokre kjernesaker som vart presenterte i lagtingssalen, der statsrådar og statssekretærar møtte ungdommane til debatt.

## Møtte statsrådar

Deltakarane på Ungdommens storting var opptekne av svært ulike tema, både frå den nære kvardagen og om store utfordringar på lengre sikt.

Temaet som opptok dei fleste av deltakarane, var skule. Det var derfor sett av to timar til debatt med kunnskapsminister Kristin Halvorsen. Her vart statsråden konfrontert med bl.a. ynsket om å styrkja helsesystemordninga og fleire tiltak mot mobbing i skulen.

Eit anna tema som mange av deltakarane var opptekne av, var samferdsel. Samferdselsminister Marit Arnstad deltok i debatten, som tok føre seg bl.a. skuletransport og vilkår for å få teke teoriprøva i distrikta.

Etter arrangementet vart dei vedtekne sakene frå Ungdommens storting presenterte for dei relevante komiteane på Stortinget.



*Forhandlingane til Ungdommens storting gjekk føre seg i lagtingssalen.*



# MiniTinget

MiniTinget er eit politisk rollespel for elevar i den vidaregåande skulen. Elevane får vera stortingsrepresentantar for ein dag, noko som gjev dei eit praktisk innblikk i korleis dei folkevalde arbeider.



Elevane vert fordelte på fire fiktive parti og skal følgja fire saker frå framlegg til vedtak. Synspunkt kan endrast undervegs, og det er fyrst til slutt at sakene vert avgjorde.

I stortingssesjonen vart det gjennomført 247 spel med til saman 6633 deltakarar.

*Deltakarane på MiniTinget får kjensle av å sitja i sjølve stortingssalen.*

## «2050 – Valet er ditt»

Gjennom besøket i «2050 – Valet er ditt» får ungdomsskuleelevar ei innføring i politisk og demokratisk tankegang.

Klassen vert delt inn i parti, og elevane skal saman utforma eit partiprogram ved å ta val innanfor ulike kategoriar. I «valkampen» skal elevane forsvara prioriteringane sine og grunngje kvifor dei har valt å satsa på dei ulike tiltaka.

I stortingssesjonen vart det gjennomført 94 spel med 2233 deltakarar.



*Stor interesse for Stortinget på Oslo kulturnatt.*

## Omvisingar

Alle kvardagar frå september til juni tek Stortinget imot skuleklassar og andre interesserte grupper til omvisingar av fleire slag. Gjennom rundturen på huset får dei ei innføring i historia og arbeidet på Stortinget.

### **Omvisingar for skuleklassar 2012–2013:**

248 grupper, 5796 deltakarar

### **Omvisingar andre grupper**

269 grupper, 5582 deltakarar

### **Kunstvandringar**

Stortinget har eit representativt utval av norsk kunst, og har tilbod om opne omvisingar med vekt på kunsten fyrste måndag i kvar måned frå oktober til juni.


16 grupper, 277 deltakarar

### **Oslo kulturnatt 13. september 2013**

Kulturnatta er eit årleg tiltak arrangert av Kulturetaten i Oslo med ulike tilbod for publikum over heile byen. Blant anna er den sentrale delen av stortingsbygningen open med omvisingar frå Stortinget til stades for å fortelja og svara på spørsmål.

Kulturnatta 2013: 1225 besøkjande





## Stortingets administrasjon per september 2013

Utover dei 169 representantane har 464 personar sitt daglege arbeid på Stortinget. I tillegg kjem dei som er tilsette av dei politiske partia og arbeider i partigruppene.



*Den administrative leiaren av Stortinget er stortingsdirektøren, Ida Børresen*



© Stortingets administrasjon  
Informasjonsseksjonen  
Oslo 2013

ISBN 978-82-8196-080-0  
Nynorsk

Illustrasjonar:  
Stortinget der ikkje anna er oppgjeve

Layout og produksjon: BK Grafisk, Sandefjord.  
[www.bkgrafisk.no](http://www.bkgrafisk.no)





# Stortinget

**Stortingets administrasjon**

Karl Johans gate 22, 0026 Oslo

Telefon sentralbord: 23 31 30 50

**Stortingets informasjonsteneste**

Telefon: 23 31 33 33 – [info@stortinget.no](mailto:info@stortinget.no)

[www.stortinget.no](http://www.stortinget.no)